



[Dette er den flotte, renoverte fløyen](#)

Innspurten har gått raskt og berre dørane vil mangle når den nyrenoverte skulen startar på måndag. Og dei vil verta montert i slutten av neste veke. Den nye rektor Lilli Britt Urheim opplyser dette til uskedalen.no frå ein flott klasseromsfløy som alle som har noko med skulen å gjera har grunn til å glede seg over. Rektor melder at vask og rydding vil skje på torsdag og fredag og dermed er jobben altså gjort - nesten.



Rannveig Fjeld Helleland ryddar det ho treng på plass

Alt verkar nytt og fint i den nyenoverte fløyen og lærar Rannveig Fjeld Helleland har denne kommentaren:

- Her er det visst berre lærarane som er gamle! Ho står midt i lærar-rommet og ryddar det ho treng på plass.

Men heilt rett har ho ikkje, ettersom både rektor og leiar for barnehagen vil vera nye. No rykker Ann Irene Sæle inn som barnehageleiar.

Sist vi var innom antok rektor at elevtalet frå måndag skulle vera rundt 105, men no viser det seg å krypa heilt opp i 114.

Det vert 19 fyrsteklassingar og dei rykker inn måndag klokka 09.30 medan de andre elevane kjem klokka 08.20.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Effektiv jobb ved Vivian Lilleby frå Husnes